

Oppsummering av årsrapportar frå LAMU til HSU i Sogn og Fjordane Fylkeskommune i 2016

RAPPORT FRÅ STAMINA HELSE

Oppdragsgjevar

Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Arvid Stenehjem, Frm-personal

Distribuert til

Arvid Stenehjem

Gjennomført av

Stamina Helse, avd Sogn og Fjordane

Oversendt kunde: 16.5.2017

Oppsummering av årsrapportar frå LAMU for 2016

Hovudpunkt

Det er mottatt 15 årsrapportar (Fagskulen manglar). Alle LAMU har gjennomført møte. Snittet er på 4,5 og det varierer mellom 3 til 8 møte. Tidlegare har variasjonen vore større (frå 0-8 møte i 2016). Alle har nytta Stamina.

Systematisk HMT-arbeid

13 av 15 rapporterer at internkontrollsystemet er tilfredsstillande. Dei som har skrive «nei», har også kommentert at det er ønske om eit elektronisk system. 13 av 15 LAMU reviderer HMT-systemet årleg.

Alle LAMU rapporterer om gjennomført vernerunde eller anna arbeidsmiljøkartlegging, og med unntak av fire LAMU er desse fulgt opp med handlingsplan. Ei eining har laga handlingsplan, men ikkje fulgt han opp.

Opplæring

Det er berre 2 einingar der ikkje alle VO og LAMU-medlem har opplæring, men 9 einingar skriv at det er behov for 40-t kurs for einkilde (frå 1-4 per eining). 5 einingar ynskjer opplæring for leiarar/mellomleiarar, og 10 einingar ynskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap (frå 2-10 personar per eining).

Arbeidstakars medverknad og arbeidsmiljøutfordringar

To LAMU har under arbeidstakars medverknadsplikt rapportert om tilfelle av utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering. Under arbeidsmiljøutfordringar har eitt LAMU kryssa for at det er varsla om eller på anna vis kartlagt trugande åtferd, og 3 for at det er varsla om eller på anna vis kartlagt vald/trakassering. Tre einingar har rapportert om konflikhtar som har uroa arbeidsmiljøet. Inntrykket er at det blir arbeidd med desse sakene.

Alle har svart at arbeidsmiljøet er fullt ut forsvarleg, og hovudvekta har utfordringar med fysisk arbeidsmiljø. 10 LAMU har hatt saker med feil eller manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. Svara synleggjer at avvikssystemet er i bruk, men ikkje av alle. Erfaring tilseier at alle har forbettringspotensiale på dette.

Sjukefråvær og arbeidsrelatert skade/sjukdom

Sjukefråværet varierer frå 2.7 % - 14.47 %, der dei tre einingane med høgst fråvær har 6,5%, 6,9% og 14.47%. Snitt på 5,37 %. Til samanlikning var det ingen som hadde over 6 % på rapportane frå 2014, men fire einingar over 6 % i 2015. Alle har svart ja på spørsmål om tilsette medverkar til oppfølgingsplan og dialogmøte, og om dei jobbar systematisk med førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Alle har også svart ja på om dei har drøfta sjukefråværet kvartalsvis på LAMU-møta. Det er meldt om arbeidsrelatert sjukefråvær frå 7 LAMU, og dette gjeld 11 personar. Aktuelle tiltak i desse sakene vert rapportert å vere fulgt opp frå alle, med unntak av eitt LAMU som svarar delvis.

Utviklingssamtalen

Her er spørsmåla endra litt frå føregåande år. Alle oppfattar utviklingssamtalen som obligatorisk. Det er litt sprikande svar på om dei registrerer kompetanseprofil, men 10 einingar svarar nei, eitt LAMU at dette skal gjerast på vårparten i 2017. Nokre svarar delvis. 7 einingar ønsker evaluering, 7 har kryssa nei på behov for det.

På dei neste sidene kjem ei oppsummering av kva dei ulike LAMU har svart.

Hafstad Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Nei på byggesaker, elles rapportert ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring, kryssa nei for at leiarar/mellomleiarar treng opplæring. 2 stk ønsker å delta på dagskurs i arb.miljøkunnskap.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Kryssa nei på om verksemda sitt IK-system er tilfredsstillande, og kommentert «utfordringar med iverksetjing». Ift risikovurdering og handlingsplan, er det kommentert at handlingsplanane må utbetrast.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Inneklima utfordring på nokre klasserom. Ja på psykososiale utfordringar og på om arbeidsmiljøkonfliktar har skapt uro i verksemda. AM-konflikt er ikkje handsama og avslutta.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** 2 personar med arb.relatert sj.dom/skade, tiltak er delvis fulgt opp. Sjukefråvær 3 %, nedgang på 1.6 % frå 2015.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk. Kommenterer at kompetanse vert registrert i SATS og ESA. Ikkje behov for evaluering.

Ytre Kultursektor

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, ikkje laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja, Fylkesbiblioteket.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ja på alle punkt. Fylkesbiblioteket har hatt vernerunde. Byggesak knytt til Fylkesarkivet.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Ingen treng meir opplæring.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv (lysforhold Fylkesbiblioteket).
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Tilfredsstillande IK-system.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Fysiske utfordringar (lys Fylkesbiblioteket), elles kryssa nei. Positiv endring frå 2015, då det var rapportert om psykososiale utfordringar.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen personar med arb.relatert sjukefråvær. Sjukefråvær: 4,8 % (reduksjon frå 2015).
- **Utviklingssamtalen:** Usikkert om kompetanseprofil vert oppdatert. Oppfatta som obligatorisk, ikkje behov for evaluering.

Tannhelse

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ja på alle punkt.
- **HMT-opplæring:** Eitt VO tek opplæringa i 2017. Det er svart at 2-3 stk treng opplæring i 2017. Kryssa nei på behov for leiar/mellomleiar, men kommentert at nyttilsette vert oppmoda om opplæring. Dagskurs: Kommentert at tilsette vert oppmoda om å ta oppfrisking.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Tilfredsstillande IK-system.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg, ikkje rapportert om fysiske eller psykososiale utfordringar. Kryssa nei på arbeidsmiljøkonfliktar, men det er kommentert at det har vore utfordringar og diskusjon.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen personar med arb.relatert sjukefråvær. Sjukefråvær: 6,5 % (auke med 1,5 % frå 2015).
- **Utviklingssamtalen:** Kompetanseprofil vert ikkje oppdatert. Oppfatta som obligatorisk, behov for evaluering (kommentert: «er i prosess»).

Sogndal Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 3 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Etterlyser sentralt system for risikovurdering, avvik etc. Skriv at tiltak er drøfta (etter vernerunde), men ikkje gjennomført, og at plan er i prosess med Stamina.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Nokre avd.leiarar treng kurs. Ca 3-4 treng 40-timars kurs, og ca 5 (LAMU-medlem) ønsker å delta på dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Systemet er ikkje tilfredsstillande, og bør oppdaterast/reviderast. Kommenterer at dei skal lage seg system på oppdatering/revisjon av IK.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Både fysiske og psykososiale utfordringar. Er venta å betre seg med nytt bygg frå 27.mars, samt at dei jobbar med MTM-undersøkinga.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** 1 person med arb.relatert sjukefråvær (er fulgt opp). Sjukefråvær: 4,6 % (liten reduksjon frå 2015).
- **Utviklingssamtalen:** Kompetanseprofil vert ikkje oppdatert. Oppfatta som obligatorisk, det er behov for evaluering (bl.a knytt til lokale lønsforhandlingar):

Sogn Jord- og hagebruksskule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan. I 2015 var det berre 1 møte.
- **Bruk av Stamina:** Ja, kommentert: «høg kvalitet».
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Har ikkje handsama tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne eller oppdatering av IK-systemet, elles kryssa ja.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Leiar/mellomleiar treng opplæring, og 1-2 treng 40-timars kurs. Dagskurs: 2.

- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Tilfredsstillande IK-system.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg, men skriv at det har vore litt krevjande under byggeprosess i 2016-17. Fysiske utfordringar, elles kryssa nei.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** 1 person med arb.relatert sjukefråvær (iltak fulgt opp). Sjukefråvær: 2,7 %, som er ein liten auke frå året før, men framleis lågt.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje registrert, og det er behov for grundig evaluering.

Måløy Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 8 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Rapportert nei. Stamina informerer om at det er feil, då vi har utført oppdrag for skulen, og skulen hadde ein deltakar på LAMU-dag (HMT-samling for LAMU-medlem) på Eid.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt, med unntak av tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne, byggjesaker og oppdatering av IK.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Leiar/mellomleiar treng opplæring. Heile LAMU ønskjer dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar på komposittverkstad.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen med arb.relatert sjukefråvær. Sjukefråvær 6,9 %. Hovudvekt på legemeldt.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil skal registrerast vår 2017, og det er ikkje behov for grundig evaluering.

Mo og Øyrane Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja, kommentert: «Stamina har handtert våre spørsmål på ein tilfredsstillande måte».
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt. M.a kommentert at arbeidet med IK-system er i stadig utvikling.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. 2 treng 40-timars kurs. Det er ca 10 stk som ønskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Arbeidet er i stadig utvikling, legg ut IKT-handbok og kriseberedskapsplan på meir tilgjengeleg side.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Det er varsla/kartlagt vald/trakassering. Ingen arb.miljøkonfliktar som har skapt uro.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen med arb.relatert sjukefråvær. Sjukefråvær: 4.6 %, som er ein auke frå 3.3 % året før.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert delvis registrert, og det er ikkje behov for grundig evaluering.

Firda Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 5 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt, med unntak av tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. 2 treng 40-timars kurs. Leiar/mellomleiar treng arb.miljøopplæring. Alle ønskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Kommentert at dei ønsker digitalt system.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske og psykososiale utfordringar, der arb.miljøkonflikt som skapte uro i arb.miljøet er handsama, men ikkje avslutta.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** 3 personar med arb.relatert sjukefråvær, der tiltak er fulgt opp. Sjukefråvær: 3 %, som er liten reduksjon frå året før.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje registrert, og det er behov for grundig evaluering.

Fagskulen

Årsrapport frå LAMU er ikkje motteken.

Eid Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 3 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt, med unntak av tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. 2 ønsker oppfrisking av 40-t kurs, og 2 ønsker dagskurs. Tilleggskommentar: Ikkje alle har gjennomført 40t-kurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Ikkje svart på det generelle spm om medverknadsplikt. Kommentert at verneutstyr er nytta, men ikkje 100 % gjennomført (tilleggskommentar).
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alt, utanom at vernerundar er begynt på, skal fullførast 2017.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar med nokre klasserom og verkstadar (tilleggskommentar).
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen med arb.relatert sjukefråvær. Sjukefråvær: 4.2 %, som er ein kraftig reduksjon frå året før.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert delvis registrert. Ikkje behov for evaluering.

Dale Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 5 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja, kommentert: «Stamina gir oss gode teneste, samsvarar med våre ønske og behov».

- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. 1 treng 40-timars kurs. 3 ønsker dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt, fleire kommentarar til eigen forbetring.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske arb.miljøutfordringar (inneklima og støy).
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** 1 person arb.relatert sjukefråvær (fulgt opp). Sjukefråvær: 5,2 %, reduksjon frå året før. Det er rapportert at hovudvekta er eigenmeldt fråvær.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert registrert, og det er ikkje behov for grundig evaluering.

Stryn Vidaregåande Skule

- **Møte og møteplan:** 5 møte, laga møteplan for 2017
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Ingen behov for meir.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er varsla om feil/manglar, om utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering, og sjukdom med samanheng til arbeid.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Det er varsla/kartlagt vald/trakassering, og arb.miljøkonfliktar som har skapt uro. Desse er fulgt opp.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** 2 personar med arb.relatert sjukefråvær (fulgt opp saman med Stamina). Sjukefråvær: 5.5 %, som er ein auke frå 3.8 % året før.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert registrert. Det er behov for grundig evaluering.

Sentraladministrasjonen

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan
- **Bruk av Stamina:** Nei.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Nei på utarbeidd handlingsplan (kommentert ikkje behov). Ja på dei andre spørsmåla.
- **HMT-opplæring:** Grunnopplæring gjennomført (40t-kurs), ynskje om påfyll frå nokre av avd (leiar/mellomleiar). Nokre treng 40t-kurs i 2017, nokre få ynskjer å delta på dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Ikkje varsla om feil/manglar ein ikkje sjølv kan rette opp eller om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering på arb.plassen.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Det er gitt utfyllande kommentarar.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Kryssa ja på fysiske utfordringar, kommentar om dårleg ventilasjonskapasitet i møterom i Storehagen Atrium, nokre mindre utbetringar knytt til temperaturregulering Fylkeshuset (4-5 etg). Støy i kantina Fylkeshuset.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen arb.relaterte skadar/sjukdomar som har ført til fråvær. Sjukefråvær: 3,9 %, nedgang frå 4.4 % året før.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil ikkje registrert. Kryssa ja for ønske om grundig evaluering, med utfyllande kommentarar.

Høyanger Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja. Kommentert: «Veldig fornøgd. God kvalitet på tenestene».
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Ingen behov for meir.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er varsla om feil/manglar, og om sjukdom med samanheng til arbeid.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Det er kryssa nei på både fysiske og psykososiale utfordringar.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** 1 person med arb.relatert sjukefråvær, og saka er fulgt opp. Sjukefråvær: 5.2 %, som er ein klar reduksjon frå året før.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, skriv at reg. av kompetanseprofil vert gløymt, og at dei ikkje ser det som naudsynt. Ser ikkje behov for grundig evaluering.

Flora Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 3 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. 1 person treng 40-t kurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er varsla om feil/manglar, om utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering (personalsak).
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar, men ingen psykososiale.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen arb.relatert skade/sjukdom. Sjukefråvær: 6 %, nær det same som året før (5.7 %).
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje registrert. Ønsker grundig evaluering (kommentert: ut frå MTM).

Årdal Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 5 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja (kommentert kva som er utført).
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt, med unntak av oppdatering av IK.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring. Ingen behov for meir.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Ikkje kryssa på det generelle spm om medverknadsplikt. Skrive at verneutstyr stort sett vert nytta.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Tilfredsstillande internkontroll, men det er ikkje utarbeidd handlingsplan etter risikovurdering/kartlegging, og det er ikkje årleg revisjon av IK.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arb.miljøet fullt forsvarleg. Rapportert fysiske utfordringar.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen med arb.relatert sjukefråvær. Sjukefråvær: 14.47 %, som er ein kraftig auke frå 2.3 % året før.

- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje registrert, men drøfta. Ikkje behov for grundig evaluering.